

# **Referat FAU-møte**

**Onsdag 17.01.24 kl. 18.00-19.30**

*Personalrommet på ungdomskulen*

## **Saksliste:**

### **1. Oppfølging av sak om trafikktryggleik.**

- Samanfatte eit brev til kommunen
  - Kva konsekvensar får det for borna?
  - Tydelegare gangfelt m/fartsfelt og i tillegg legge eit gangfelt til ved Bilia/gamle Rimi
  - Ungdomsklubb i Billagsbygget – meir trafikk av ungdom i nærleik av veg
  - Større lomme til å sette av ungane i
  - Parkeringa til hotellet gjer det uoversiktleg
  - Meir ljós
  - Be kommunen om forslag på ein plan for tryggingstiltak

### **2. Utbetring av toalett**

- Skrive eit brev til kommunen
  - Summen for 2023 er ikkje brukar opp pga mangel på entreprenør til å utbetre toalett og rømningsveg i kantina
  - Ingunn har etterspurt om summen er den same, og har fått signal på at summen ligg inne

### **3. Ungdom og rus v/KORUS:**

- spørsmål om to representantar frå FAU kan delta eit møte 15. februar
  - naturleg at nokon frå ungdomsskulen møter
  - Tidspunktet er midt på dagen. Det funkar ikkje for foreldre som er på jobb.
  - Heidi melder tilbake at det eit vanskeleg tidspunkt

### **4. 17. mai.**

- Korleis skal me arrangere 17. mai når det blir mindre elevar i klassene?
  - Forslag: 7. trinn fortsett med planlegging av arrangementet sjølv om det er ei lita klasse. 6. trinn blir involvert i dugnadsarbeidet, men ikkje planlegging.
- Kommunen sett av mindre til 17. mai enn før. I fjar var arrangementet ute fordi det ikkje var pengar til å betale for å leige Granvin.
  - Signal om at kommunen stiller opp og bidreg med midlar slik at det går an å gjennomføre arrangementet på ein god måte.

## **5. Informasjon om bemanning, økonomi osv på skulen v/ Ingunn**

- Budsjettet er vedtatt og skulen skal redusere med 2 pedagogar, i tillegg skal ein redusere i drift.
- Flyktningar: veit ikkje tal. Signalisert at det kan koma opp mot 48. Skulen har gjeve tilbakemelding på at det er eit høgt tal. Desentralisert mottak – flyktningar skal busettast i heile kommunen.
- Har fått inn to nye tilsette etter at to lærarar har gått ut i svangerskapspermisjon
- MOT og SUPER: foreldremøte på Granvin. Positivt møte, men fleire foreldre kunne gjerne ha møtt opp.
- Los-stillinga til Tommy Sandsdalen er ikkje fast. Viktig å få på plass til neste år. Svært viktig person å ha på skulen.

## **6. Skulenærvar v/ Ingunn**

- Det har vore mykje fråvær dette halvåret. Viktig å ha godt oppmøte for å få med seg fag/henge med. Ved høgt fråvær er sjansen større for å detta av seinare i utdanningsløpet.
- Cirka 20% av elevtalet på Seljord barne- og ungdomsskule har fråvær på over 10 dagar i halvåret. Mange grunnar til fråvær, men viktig å jobbe med å auke skulenærværet
- Kva kan gjerast for å betre dette?
  - Bra med registrering av fråvær
  - Jobbe ekstra mot dei som droppar ut
  - Rundskriv til foreldre om når born skal vera heime

## **7. Eventuelt**